

**SULA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL**

**Onsdag 20.05.2020 kl. 14.00 på Sula rådhus, møterom 1**

**SAKLISTE:**

- Sak 10/20 Meldingar
- Sak 11/20 Godkjenning av møtebok frå telefonmøte 21.04.2020.
- Sak 12/20 Årsmelding 2019 Sula kommune.
- Sak 13/20 Årsrekneskap 2019 Sula kommune.
- Sak 14/20 Deling av arbeidsoppgåver mellom medlemene i kontrollutvalet.
- Sak 15/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.
- Sak 16/20 Orientering om status med rullering av arealplan.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Olav Bjarne Skodje  
leiar  
(sign.)

## **Sak 10/20 Meldingar.**

**Melding nr. 1,** Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga.  
Vedlagt brev frå Møre og Romsdal Revisjon SA til Sula kontrollutval datert 22. april 2020.

**MRR**  
Møre og Romsdal Revisjon SA

Til  Kontrollutvalet i Sula kommune	Kopi til  Rådmann i Sula kommune
---	--

**Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga**

**Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleiving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga.**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Sula kommune si etterleiving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på følgjande område:

Kontroll av etterleiving av reglane om berekning av tilskot til private barnehagar, der vi kontrollerer

1. At kommunen har gjennomført berekning av tilskot til private barnehagar, og at denne berekninga er i tråd med krava slik det går fram av § 3-5 i forskrifta

Periode:

Vi har kontrollert tilskotsperiode 2019.

Kriterier er henta frå:

Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar (heimel barnehagelova §14).

**Leiinga sitt ansvar for etterleiving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga**

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga vert gjennomført i tråd med reglar og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for forsvarleg kontroll.

**Vår uavhengighet og kvalitetskontroll**

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisionsselskapet, som inneholder krav om uavhengigkeit og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg varsemd, tillit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Møre og Romsdal Revisjon SA et tilstrekkeleg kvalitetskontrollsysten, medrekna dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleiving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og annen regulering.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi ein uttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommuneloven sine reglar og RSK 101. Forekla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for om det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleving av reglar og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det området vi har gjennomført forekla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei vurdering av analyse av risiko- og vesentlege forhold, som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i medhald til RSK 101, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at reglar og vedtak for økonomiforvaltninga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lågare sikkerhetsgrad enn tryggande sikkerhet, og vi gir difor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerhet som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

## Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi ikkje vorte merksame på noko som gir oss grunn til å tro at Sula kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd reglane ved berekning av tilskot til private barnehagar og at berekninga er i samsvar med krava slik dei går fram av §-35 i forskriftera.

Denne uttalen er berre utarbeidd for det føremål som er omtala ovanfor og til informasjon for kontrollutvalet i Sula kommune, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Ålesund, 22.04.2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Knut G. Alnes

oppdragsansvarleg revisor

## **Sak 11/20 Godkjenning av møtebok frå telefonmøte 21.04.2020.**

### **KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 21. april 2020

Møtestad: telefon fjermmøte kl. 14.00

Møtet vart leia av: Olav Bjarne Skodje

Elles deltok: Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes og Svein Værnes.

Inger Øien deltok ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

---

Møtet var eit reint orienteringsmøte.

Det blei diskutert litt rundt koronakrisa og konsekvensar for fysiske møte i kontrollutvalet. Nokre av medlemmane var litt fortrulig med Teams. Neste møte i kontrollutvalet onsdag 20. mai kl. 14.00 vil bli eit Teamsmøte. Sekretariatet arrangerer dette i tillegg frå rådhuset i Langevågen, og dei som ønskjer det (inntil 5 stk) kan delta frå møterom på rådhuset. Fleire av medlemmane uttrykte ønskje om dette.

Sekretariatet vil også tilby eit «prøve Teams»-møte tysdag 5. mai kl. 14.00. Meir informasjon om dette vil kome.

Skulle restriksjonar rundt Covid 19/korona endre seg, vil det bli vurdert å arrangere vanleg møte om kommuneleiinga tillet dette. Men dette er berre aktuelt viss det blir mildare restriksjonar.

Møtet var slutt kl. 14.20

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 12/20 Årsmelding 2019 Sula kommune.**

**Som elektronisk pdf vedlegg følgjer:**

Årsmelding 2019 – Sula kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **vedtak**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sula kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 13/20 Årsrekneskap 2019 Sula kommune.**

### **Som vedlegg følgjer:**

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2019 – Sula kommune datert 11. mai 2020
2. Sula kommune - kommunerekneskapen 2019 pdf fil

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 3 a), framgår det at kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt.

Ein gjer merksam på at for rekneskapsavleggelsen 2019 gjeld lovregelen og forskrift i kommunelova av 1992 (førre kommunelov).

Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringer i strid med gjeldande regelverk.

Grunnlaget for behandlinga har vore den avgakte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret :**

Sula kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Sula kommune

Kopi:

Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

## **Melding frå uavhengig revisor**

### **Uttale om revisjonen av årsrekneskapen**

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Sula kommune som viser NOK 538 797 042,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på NOK 20 218 675,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Ytterlegare informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsvynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

# MRR

## Møre og Romsdal Revisjon SA

### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal reknereksskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikke er tilslikt.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneholdet vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikke er tilslikt. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjørder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det henvises til [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no) som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine reknereksskikk i Noreg.

#### *Andre forhold*

Uten at det har betydning for våre konklusjoner vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap vart avlagt etter fristen i kommunelova som er 15. februar 2020.

Ålesund, 11. mai 2020



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarlig revisor

## **Sak 14/20 Deling av arbeidsoppgåver mellom medlemene i kontrollutvalet.**

### **Bakgrunn**

I møte 26.02.2020, under sak Eventuelt, viste det seg å vere interesse for å vurdere ei arbeidsdeling mellom medlemene i kontrollutvalet. Sekretariatet vart oppmoda om å sjå nærare på dette.

### **Planlegging av kontrollverksemda**

Kontrollutvalet har i stor grad mulegheiter til å ta initiativ til saker som kan vere aktuelle å behandle. Det er viktig at medlemene i kontrollutvalet nyttar mulegheitene for å ta opp eit breidt spekter av saker.

Utvalet bør fungere som eit aktivt kollegium. Det er difor viktig at alle medlemene engasjerer seg i kontrollutvalet sitt arbeid, uavhengig av partipolitisk syn i den enkelte saka.

Plan for kontrollutvalet sitt arbeid kan innehalde strategi for korleis utvalet ønskjer å ivareta sine kontroll- og tilsynsoppgåver. Arbeidsdeling mellom sekretariat og kontrollutval kan for eksempel inngå som ein del av ein slik plan. Det same gjeld fordeling av arbeidsoppgåver.

### **Nytten av å fordele oppgåver**

Medlem i kontrollutvalet bør ta initiativ til at saker som vedkomande ser på som viktige og som kan bli tatt opp i utvalet.

Ansvar for ulike tema og oppgåver kan fordelast mellom kontrollutvalsmedlemene. Frå folkevalde organ kan eit medlem meir systematisk skaffe informasjon som kan vere nyttig å få innsyn i, slik at den kan formidlast via sekretariatet og til utvalet. Medlemene kan få ansvar for å gjennomgå møtebøkene frå andre folkevalde organ i kommunen og på den måten få kjennskap til saker som er relevante for kontrollutvalet sine oppgåver.

Ytterlegare informasjon kan medlemer få ved deltaking i møter i dei same organa.

### **Møteoffentlighet, høve til å vere til stades**

Møta i folkevalde organ er til vanleg opne for alle etter det lovfesta prinsippet om møteoffentlighet (jfr. kommunelova § 11-5).

Sjølv om eit organ vedtar å lukke eit møte, eller del av eit møte, der for eksempel tilhøvet til teieplikt eller omsynet til personvern tilseier det, så har kontrollutvalet likevel rett til å vere til stades i det lukka møtet.

Ein kan vere merksam på at kommunestyret sjølv har høve til å bestemme at denne retten ikkje skal gjelde for kommunestyremøte som vert lukka (jfr. kommunelova § 23-2 fjerde ledd).

Kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i eit lukka møte gjeld det samla utvalet. Dersom kun enkelte medlemer møter, må dei vere utpeika av utvalet for å kunne utøve denne retten. Ved fordeling av oppgåver bør ein difor samtidig tildele ein slik rett for vedkomande til å representere kontrollutvalet i eventuelle lukka møte.

### **Innsynsretten (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)**

Kontrollutvalet har ein generell rett til innsyn og til å foreta undersøkingar i kommunen, uavhengig av teieplikt. Innsynsretten gjeld kontrollutvalget som organ, men utvalet kan overlate til leiari, sekretariat eller medlem å nytte innsynsretten på kontrollutvalet sine vegne. Det er i utgangspunktet kontrollutvalet sjølv som avgjer kva for opplysningar som er nødvendige å krevje, og kva for undersøkingar som er nødvendige å gjere.

Det kan vere praktisk å klargjere at den generelle innsynsretten kan utøvast av leiaren.

### **Dei aktuelle folkevalde organa**

Folkevalde organ som er aktuelle for ei arbeidsdeling i høve informasjon til kontrollutvalet er, forutan formannskapet, dei faste fagutvala som er oppretta etter kommunelova § 5-7 for følgjande område:

- -helse og sosial
- -kultur og folkehelse
- -oppvekst
- -teknick område

Gjennomgang av fagutvala sine møtebøker kan fordelast på medlemene i kontrollutvalet. Dersom der er aktuelle saker, bør vedkomande medlem melde frå til sekretariatet som då får høve til å setje opp orientering og gjennomgang av informasjon frå formannskap og utval som sak for kontrollutvalet.

### **Tilhøve til reglement**

Kommunestyret kan vedta reglement for kontrollutvalet. Det er til vanleg kontrollutvalet som utarbeider framlegg til dette. Eit vedtak om arbeidsdeling kan eventuelt inngå i eit slikt regelverk.

### **Tidlegare praksis**

Oppgåvene med gjennomgang av dei ulike fagutvala sine saksdokument har tidlegare vore delt mellom medlemene i kontrollutvalet.

Slik arbeidsdeling vart vedtatt i møte 03.09.2012, sak 08/12, i kontrollutvalet (2012-2015).

Sekretariatet legg saka fram for kontrollutvalet med slikt forslag til

**vedtak**

1. Oppgåver med å formidle informasjon frå folkevalde organ til kontrollutvalet vert fordelt slik mellom utvalsmedlemene:

- Formannskapet: \_\_\_\_\_ (medlem)
- Fagutval helse/sosial \_\_\_\_\_ (medlem)
- Fagutval kultur/folkehelse \_\_\_\_\_ (medlem)
- Fagutval oppvekst \_\_\_\_\_ (medlem)
- Fagutval teknisk område \_\_\_\_\_ (medlem)

2. Kontrollutvalet sin leiar og/eller kontrollutvalsmedlemmet har på vegne av kontrollutvalet møterett i det aktuelle organet nemnt under pkt. 1.
3. Kontrollutvalet sin leiar kan utøve den generelle innsynsretten etter kommunelova § 23-tredje ledd på kontrollutvalet sine vegne.
4. Kontrollutvalsekretariatet sørger for at det blir gitt nødvendig orientering om dette vedtaket.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 15/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.**

**Vedlegg:** presentasjon frå forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, Møre og Romsdal Revisjon SA

### **Bakgrunn:**

Sula kontrollutval gjorde i sak 06/20 i sitt møte 26. februar 2020 følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet i Sula bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentleg vurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 100 timer.*

*Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.*

---

Kontrollutvalet skal i denne saka diskutere og vurdere moglege risikomoment i Sula kommune med bakgrunn i innspel frå Møre og Romsdal kommunerevisjon. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Sula kommune skal ha denne valperioden.

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentleg vurdering av kommunen si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MMR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- Kontrollutvalet får ei eiga sak i sitt møte kor ein får diskutere og vurdere moglege innspel til kommunerevisjonen sitt arbeid med sjølve analysa.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høg/uakzeptabel risiko, middels risiko, lav/akzeptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av juni 2020.

Gjennom det løpende arbeidet vil både sekretariat og revisor opparbeide kunnskap som bør takast med i vurderinga, medrekna informasjon frå utført rekneskapsrevisjon, forenkle etterlevelseskонтroll og gjennomførde forvaltingsrevisjonar.

Kontrollutvalet sjølv sit også med kunnskap som bør nyttast i risiko- og vesentlegvurderinga. Gjennom saker utvalet har behandla, gjesting det har gjennomført, og kontakt det har hatt med andre politikarar, har utvalet informasjon om ulike forhold ved kommunen sitt arbeid. Kontrollutvalet kan involverast i arbeidet gjennom diskusjonar i møte. Denne saka er eit slikt forsøk på å involvere kontrollutvalet i dette arbeidet.

Målsettinga med denne saka er å diskutere og påpeike moglege moment som kan takast med vidare i arbeidet med ei grundig og relevant analyse. Etter denne gjennomgangen vil det sannsynlegvis peike seg ut ein del område/aktuelle prosjekt som bør bli gjenstand for nærmare vurderingar, og som dermed er aktuelle å ha med i plan for forvaltingsrevisjon.

### Forslag til vedtak:

Sula kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko og vesentlegvurdering: \_\_\_\_\_ (*fyllast inn etter diskusjonar og prioriteringar i møtet*)

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



# Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

- grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2020 til 2023

SULA KOMMUNE

DIALOGMØTE MED KONTROLLUTVALET 20. MAI 2020

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon SA

# Bakgrunn: Plan for forvaltningsrevisjon

Møre og Romsdal Revisjon SA skal utarbeide vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV) av kommunen si verksemd som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon jf. vedtak i kontrollutvalet 26.02.20

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# Skriftlege kjelder

## Aktuelle dokument for gjennomgang

- Kommuneplan
- Planstrategi
- Kommunedelplanar
- Delegasjonsreglement
- Etiske retningsliner
- Innkjøpsreglement
- Finansreglement
- Økonomireglement
- Reglement for kommunale byggeprosjekt
- Budsjett og økonomiplan 2019 (2019 til 2022)
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Årsrapport 2018, 2019
- Tertiアルrapportar 2018 og 2019
- Revisjonsrapportar
- Tilsynsrapportar frå tilsynsmyndigheter
- KOFA avgjersler

## Aktuelle statistikkar for gjennomgang

- Statistikk fra årsmelding
- Statistikk fra SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk

# Sektorovergripande område

1. Intern kontroll og avvikssystem
2. Openheit og innsyn
3. Arkiv og dokumentasjon
4. Digitalisering
5. Saksbehandling og klagebehandling
6. Offentlege innkjøp
7. Offentleg støtte
8. Etikk og varsling
9. Informasjonssikkerheit
10. Arbeidsmiljø
11. Samfunnssikkerheit og beredskap

# Kommunale tenester - område

1. Barnehage
2. Grunnskule
3. Helse
4. Barnevern
5. Pleie og omsorg
6. Psykisk helse og rus
7. NAV/sosialtenesta
8. Kultur
9. Teknisk
10. Miljø

# Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

Risikofaktorer	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høy		Vesentlighet (risikonivå)
	Sannsynlighet for at risikofaktor inntrer	Konsekvens om risikofaktor inntrer	Sannsynlighet	Konsekvens	
Område			M	H	
Tjeneste			L	M	
Oppgave			L	L	

I ROV planlegg vi å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i forhold til sannsynlegheit og konsekvens, og med fargekodar.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# Tenkt mogleg eksempel

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høy		Risikonivå
	Sannsynlighet for at risikofaktor inntreffer	Konsekvens om risikofaktor inntreffer	Sannsynlighet	Konsekvens	
<b>Anskaffingar og innkjøp</b>					
Innkjøpa blir ikke gjort tilfredsstillende	Har verken innkjøpsstrategi, innkjøpsreglement eller rutinar. Har blitt dømt i KOFA fleire gonger.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekka tillit og omdøme.	H	H	

**MRR**

Møre og Romsdal Revisjon SA

# Aktuelle problemstillingar

- ▶ Kva er dei største utfordringane og risikoområda for kommunen framover?
- ▶ Er det fagområde, sektorar eller verksemder som har særlege utfordringar?

(barnehage, skule, vaksenopplæring, psykisk helse, rus, pleie og omsorg, helse, habilitering, flyktning, NAV, planarbeid, byggesak, næringsutvikling, landbruk, miljø, tekniske tenester, eigedom, brann, vatn, avløp m.v.)

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til brukarar og befolkning?  
(brukarmedverknad, likebehandling, omdøme, kvalitet, informasjon, innsyn)

## Forts. aktuelle problemstillingar

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til organisering?  
(ansvarsfordeling, kompetanse, rekruttering, arbeidsmiljø, Etikk, leiing)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til styring og styringssystem?  
(Heilskapleg planlegging, internkontroll, rapportering)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til økonomi og ressursbruk?  
(Økonomisk oppfølging, innkjøp og offentlege anskaffingar, fare for misleg framferd)
- ▶ Har kommunen utfordringar knytt til fokus på tvers av sektorar?  
(Berekraftig utvikling, Folkehelse, Likestilling, Barn og unges interesser i planlegging)

“ Vi vil bidra til at innbyggjarane i vårt distrikt får enda betre kommunar å bu i ”

- Møre og Romsdal Revisjon

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon SA

## **Sak 16/20 Orientering om status med rullering av arealplan.**

### **Bakgrunn:**

Frå Sula kontrollutval si møtebok 26. februar 2020:

#### *Eventuelt:*

*Svein Værnes tok opp spørsmålet om prioritering og igangsetting av vedtekne reguleringsplanar i kommunen. Kontrollutvalet ønskjer å invitere rådmann Leon Aurdal tilbake på deira møte 1. april for å seie litt om arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.*

---

Rådmann Leon Aurdal har bekrefta at han vil gje kontrollutvalet ei slik orientering på møte 20. mai 2020.

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS